

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 18/5609-1

### Høyringsuttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne - regional plan for klimaomstilling

**Uttale til regional plan for klimaomstilling vert skrive i møte 18. april 2018.**

#### **Vedlegg:**

Regional plan for klimaomstilling 2018 – 2021 med kunnskapsdel, plandel og handlingsprogram  
Protokoll vedtak om utlegging offentleg ettersyn, fylkesutvalet  
Mål, strategiar og tiltak frå Regional transportplan 2018 - 2027

### **SAKSFRAMSTILLING**

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtok i møte den 7. mars 2018 (FU-sak 25/18) å legge høyringsutkast til «Regional plan for klimaomstilling 2018 – 2021» ut til offentleg ettersyn.

I regional planstrategi 2016 – 2020 er klimaendringar løfta fram som ein av fem hovud utfordringar for fylket.

Regional plan for klimaomstilling er utarbeida med føremål om saman å få til klimaomstilling i Sogn og Fjordane, der fylket:

- Tek sin del for å nå dei nasjonale måla om utsleppsreduksjon.
- Er best mogleg budd på klimaendringane.
- Ikkje byggjer ny sårbarheit inn i samfunnet.
- Reduserer sårbarheit i eksisterande bygg og infrastruktur.

Satsingsområda i planen er delt inn i fylgjande åtte tema:

- Energiforsyning
- Energibruk i bygg
- Areal og transport
- Næringsliv og teknologi
- Klimavenleg landbruk
- Klimatilpassing
- Forbruk
- Klimakunnskap og klimakommunikasjon

Regional plan for klimaomstilling er tredelt, og består av ein kunnskapsdel, ein plandel og eit handlingsprogram. Det vert spesielt bedt om innspel og merknader knytt til plandelen og handlingsprogrammet, og at det kjem tydeleg fram kva plantema og kva dokument innspelet gjeld.

Høyringsfristen er 29. april 2018.